

 HELSE BERGEN Haukeland universitetssjukehus	<h2>Pasientforløp: Spinaleininga</h2>
Kategori: Pasientbehandling/Pasientforløp og pakkeforløp	Gyldig fra/til: 06.02.2024/06.02.2025
Organisasjon: Helse Bergen HF/Nevrologiklinikken	Versjon: 1.01
Godkjenner: Storlid, Hege	Informasjon
Dok. ansvarlig: Hege Storlid	Dok.id: D68817

Spinaleininga:

Spinaleininga er ein høgspesialisert rehabiliteringsavdeling ved Haukeland Universitetssjukehus, og har det regionale ansvaret for rehabilitering og livslang oppfølging av alle ryggmargsskadde frå Helse Vest.

Dette gjeld både traumatiske ryggmargsskader og ikkje-traumatiske ryggmargsskader med stasjonære følgjetilstander.

Pasientens potensiale for betring gjennom intensiv tverrfagleg rehabilitering, er avgjerande for inntak til Spinaleininga.

Ryggmargsskadde frå andre helseregionar kan søkas inn.

Målsettingar for Spinaleininga:

1. Spinaleininga skal tilby høgspesialisert rehabilitering, basert på oppdatert kunnskapsbasert praksis.
2. Pasientens behov og ressursar skal vera i sentrum for den tverrfaglege rehabilitering.
3. Forsking, fagutvikling og undervisning er ein integrert del av den tverrfaglege verksemda.

Oppgåver for det tverrfaglege teamet:

1. Tilby rettleiing til avdelingar som behandlar den ryggmargsskadde pasienten i akuttfasen, om tiltak for å minimera nevrologiske skadefølgjer og førebygga komplikasjonar.
2. Rettleia den ryggmargsskadde til størst mogeleg grad av fysisk, psykisk, sosial og deltakande funksjon tilpassa skadenivå og ressursar.
3. Gi den ryggmargsskadde nødvendig informasjon og opplæring til å ivareta eigen helse, førebygga komplikasjonar og meistra sin nye situasjon.
4. Rettleia den ryggmargsskadde i prosessen tilbake til aktivitet i skule/yrkesliv.
5. I samråd med pasienten å gi god informasjon til pårørande, og tilrettelegge for å gi tilpassa informasjon til mindreårige barn.
6. I samarbeid med heimkommunen kartleggje den ryggmargsskaddes behov for eventuelle tilretteleggingar av bustad og heimemiljø, praktisk hjelp i heimen og andre tiltak for samfunnsdeltaking etter utskriving.